

# Svør til Blindheim

Ytring

Eg er ikkje glad for at eg må seia meg så heilt usamd med nokon eg har stor respekt for, og har hatt mykje hyggeleg samarbeid med. Dess større grunn er det til å fylgja den gode gamle regelen, og først finna ut kor langt vi kan vera samde, før vi ser etter kvar vegane skilst.

Det gjeld til dømes at Trondheimsavtalen, som Blindheim skriv, «omfatta heile vår krigsmakt på norsk territorium». Ja, nettopp! Og av dette fylgjer at avtalen ikkje gjeld dei deler av forsvaret som fylgde Konge og regjering til Storbritannia, eller dei som alt var utanfor grensene. Om dei var små eller store, har

ingen ting med saka å gjera, med mindre ein vil hevda at den som har overmakta, har også folkeretten på si side. Dei stod under dei lovlege norske styremakter og representerte viljen til å føra krigen vidare, same kor mørkt det måtte sjå ut.

Vidare er vi utan tvil samde om at avtalen var «slutta mellom overkommandoen i dei to rika, Norge og Tyskland» – ja det er nettopp ein del av poenget. Her i landet avgjer ikkje ein overkommando, eller ein forsvarssjef, om landet skal gå inn i ein krig, eller slutta å føra krig. I slike spørsmål avgjer den politiske riksstyringa, det er den som representerer staten. Slik var det for den saks skuld i Tyskland og.

Men kva avgjorde så det

norske riksstyret, det vil i dette tilfellet seia Kongen i statsråd? Dei slo fast, som det så mange gonger har vore opplyst, og som eg på ny refererte i Dag og Tid nr. 20, at krigen skulle halda fram på andre frontar. Dette instruerte regjeringa forsvarssjefen om, og denne instruksjonen gav han vidare, i den form at «Norge som stat er og vil fortsette å være i krig med Tyskland». Denne budskapet var det som nådde tyskarane, og den retta

dei seg etter, på den måten at dei endra den utvetydige kapitulasjonsavtalen som dei hadde laga utkast til, medan dei enno trudde det skulle koma ein norsk kapitulasjon.

Det er syrgjeleg monotont å ta dette opp att, men det er, mildt sagt, ikkje forsvarleg å hoppa bukk over eller gjera seg blind for desse grunnleggjande kjensgjerningane, og det var eit vonbrot at det like vel vart gjort.

Tyskarane hadde skrive ein

klår kapitulasjonsavtale, og den måtte dei skriva om, slik eg gjorde greie for.

Kvifor gjorde dei det? For di dei fekk vita at den norske stat ikkje kapitulerte.

Dersom det kan finnast ei anna, rimeleg forklaring enn den eg har gjeve, så kan det vera meining i å føra drøftinga vidare. Men eg kan ikkje sjå kvar den skulle finnast.

Magne Skodvin,  
Oslo.

103387